



## Notat

Dato  
FØRDE, 14.09.2015

Frå: Fylkesdirektøren

Til: Hovudutval for kultur

### Arena Stryn – søknad om fylkeskommunalt tilskot

#### Bakgrunn:

Arena Stryn v/Stryn turn- og idrettslag søker fylkeskommunen om eit investeringstilskot på 8,7 mill. kroner. Arena Stryn har ein totalkostnad på om lag 60 mill. kroner og er eit anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Slik vi forstår er målet for Stryn turn- og idrettslag at anlegget kan bidra til folkehelse gjennom m.a. å vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar. Anlegget representerer eit mylder av fysisk aktivitet for trening og konkurranse både på bredde- og elitenivå. Dette innan fleire idrettar, både innandørs og utandørs, som fotball, turn, friidrett, handball, volleyball, kampsport og dans. Andre aktuelle idrettar som også kan vere aktuelle i anlegget er klatring og skytesport. I tillegg skal anlegget fylle idretten i Stryn sitt behov for lagerplass, arena for møterom, utvikling av sosial kompetanse gjennom idretts-SFO, leksearbeid og som sosial myldrepllass. I bygget vert det også eit eige treningscenter der vaksne kan trenere samstundes som barna trener. Innan få minuttar gangavstand er det også høve til å nytte symjehall og Strynehallen. Dette vert den første fullskala basishallen for turnsport i fylket. Det er i dag vurdert å etablere ytterlegare to slike nyanlegg, i Vågsøy kommune og Førde kommune.

#### Søknaden i høve regional plan:

Gjennom arbeidet med regional plan har fylkeskommunen stilt spørsmål om kva type anlegg vi skal ha i fylket og om nye anleggstypar kan fremje ny aktivitet og større interesse for idrett blant ungdom. Stryn turn og idrettslag har lange tradisjonar for turn, og ser det som formålstenleg å etablere ein slik hall for å ha ein fast stad å vere. Dette gjer det lettare å rekruttere og halde på erfarte trenarar. Dette anlegget kan bli eit føredøme for korleis slike hallar kan fremje meir og ny aktivitet andre stader i fylket. Ved etablering av ein eigen basishall vert det auka hallkapasitet i Strynehallen. Det er også utarbeidd ein gjennomtenkt plan for bruk av den kommunalt eigde Strynehallen slik at ein unngår brukskonflikt. Dette anlegget skapar næringsutvikling i byggeperioden, men også kompetansearbeidsplassar knytt til administrasjon av idrett, driftspersonale og treningsfagleg personale ved treningscenteret.



## **Søknaden i høve spelemidlar:**

Spelemidlane skal nyttast til anleggsutbygging innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Det omsøkte prosjektet vert rullert inn i handlingsprogrammet til Stryn kommune hausten 2015. Tiltaka vert også spelt inn til rullering av handlingsprogrammet til regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017 (2019) i oktober 2015. Tildeling til hallar som dette prosjektet, skal ha ein prioritet i regional plan for å kunne få tildeling. Det vert, slik vi forstår, søkt om spelemidlar til første byggetrinn i 2016, under føresetnad av at anlegget har tilstrekkeleg finansiering.

## **Søknaden i høve fylkeskommunalt tilskot**

Fylkesdirektøren si vurdering er at dette er eit anlegg som representerer ein god heilsak innan idrett, fysisk aktivitet og folkehelse. Det vert og ein viktig sosial møteplass både for innbyggjarane i kommunen og i indre Nordfjord. Fylkesdirektøren vil bidra med anleggsrådgjeving i vidare planlegging, m.a. slik at alle naudsynte godkjenningar er på plass i god tid før spelemiddelsøknad vert fremja.

Fylkeskommunen har i dag eit innsparingskrav på om lag 250 millionar kroner dei kommande åra. Sogn og Fjordane fylkeskommune har heller ikkje ein eigen budsjettpost for tilskot til anlegg i fylket.

## **Konklusjon:**

Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å tilrå løyving til dette anlegget.